

Møtereferat

Til: Studentrådet IE


Kopi til: STi, Styrerepresentantar

Frå: FTVane

Gjelder: Studentrådsmøte 22.03.2018

Møtetid: 16:15-18:00

Møtested: Store møterom, Gamle fysikk



Studentrådet IE

Til stede:

Cecilie, Truls, Jørgen, Bendik, Andreas, Vegard, Markus, Hilde, Sigurd, Tarjei, Endre, Ferdinand, Morten, Klaus, Vladimir, Daniel, Kristoffer

Saksliste

- Godkjenning av innkalling

Innkallinga vart godkjend med følgjande merknadar:

- I sak 09/18 er det viktig å presisere at planen er slik som det er foreslått å gjere det i år, ikkje slik det var i fjor.

- Runde rundt bordet

LUR – Ikkje skjedd så mykje sidan sist. Programrådsmøte

IDI – Ingenting å melde

IEL – Endra til å ha studieprogramutval. Dette gjev møter oftare med ei mindre gruppe. Meir effektivt og enklare.

IMF – Vore i møter angåande endringar i fag. Delteke på prøveførelesing for ny tilsetjing.

IIR – Fått løyst utfordring med førelesar. Har SP-møte og har KTV-møte med Truls og Jørgen i dag.

Gjøvik (IDI og IIK) – Ferdig med intervjurunde. Gjennomført KTV-møte.

Søknadssidene til master ikkje gode nok.

IIK – Bruker tid på flytting. Vore i leiargrupsøte. Djupevaluering av emne.

Skal på studietur til Danmarks Tekniske Universitet

IAL – Gått i møter, elles ikkje så mykje å melde.

IES – Strategiseminar med leiinga.

FTVane – Det har vore gjennomført fakultetsstyremøte og leiargrupsøter. Vore på læringsassistentmøte. Vore i studieutvalsmøte.

STi – vore på studietur i Ålesund. Vurderer oppstart av dassnytt i Trondheim. Jobba med NTNU sin nye felles ruspolicy.

- **SR-sak 09/18: Kvotering av ITV**

Postadresse:
Studentrådene IE og NV
Sem Sælands vei 5
N- 7491 Trondheim

Besøksadresse:
Gamle Fysikk
Gløshaugen

Telefon:
73 59 60 12

E-post:
ftv@sr-ie.no
Hjemmeside:
www.ie.studentrad.no

Det skal gjennomførast val i veke 18. Studentrådet diskuterer korleis skal gjennomføre kvoteringar til ITV og FTV-verva for å dekke opp fagmiljøa og studierettingane som høyrer inn under institutta.

Vedtektena gjev studentrådet sjølv myndigkeit og ansvar for å organisere kvotering under valet.

Korleis skal vi gjere det med suppleringsval? Om ein ikkje klarer å fylle opp med de kvoterte plassane kan det være lurt å velje to, sjølv om dei er frå same «gruppe».

For IDI må det gjennomførast ei endring frå ordninga som var før. Om ein går over til en meir stadleg representasjon sikrar ein at store fagmiljø vert betre dekka. Her bør ein fordele i en siv.ing., ein frå informatikk, ein frå AIT og ein frå Gjøvik.

Vedtak: Studentrådet vedtar den vedlagte fordelinga med endringane som kom under møtet.

IDI: 1 siving, 1 frå AIT (noverande Kalvskinnet-studie), 1 frå informatikk (master og bachelor, Gløshaugen), 1 på Gjøvik

IEL: 1 siving, 1 bachelor ingenjør

IES: 1 siving, 1 fri

IHK: 2 frå Trondheim, 2 frå Gjøvik

IIR: 2 frie, ikkje forkurs

IMF: 1 siving, 1 realfag

ITK: 1 siving, 1 fri

- **SR-sak 10/18: Møter med KTV**

I denne saka ynskjer vi å vete korleis status er med tanke på både semestermøter med KTV og institutt, samt møter med berre KTV og ITV. Vi vil òg diskutere kva som fungerer og ikkje fungerer i slike møter, og korleis vi kan gjere dette betre.

Runde rundt bordet om korleis ein gjer det:

LUR – eitt KTV-møter per semester

IDI – Ser ikkje behov for faste møter, gjer de meste ansikt til ansikt med KTVane. Gjennomfører tre KTV-møter per år for Joachim sine KTVar. Er innkalla til semestermøte med IDI. Samarbeidet ser ut til å fungere godt.

IEL – Har KTV-møte i forkant av samarbeidsmøte med instituttet. I tillegg personleg oppfølging via Facebook.

IMF – Delt i to. Planlagt KTV-møte etter påske. Elles kommunikasjon via Facebook. Må prøve å få til semestermøte med instituttet
Gjøvik – Har KTV-møter omrent ein gong i månaden. Ser på kva de treng og justerer hyppigheit etter behov. Er ikkje med IIK og IDI sine semestermøter.
IAL – Har KTV-møter etter behov. Ikkje hatt med instituttet.
IES – Har ikkje hatt semestermøte endå.
Ålesund – Har brukt å ha KTV-møte saman med studentparlamentet.

Susanne jobbar med å gjere KTV-lista med oversiktleg og tilgjengeleg.

- **SR-sak 11/18: Høyring om bruk av læringsressursar utanfor NTNU**
Studenttinget har sendt ut en høyring om dette. Denne er òg kontortema i veke 12. Vi ynskjer ei oppsummering av kva som har vorte diskutert gjennom veka.

Kva tenker SR om at man bruker slike ressursar?

Ikkje gitt at det betyr at NTNU gjer en dårlig jobb. Mange bruker dette som en tillegg, ikkje som en erstatning. Der kor dette er vanleg fordi undervisninga er dårlig er det viktig at ein melder inn til FTVane.

Opplever at ein søker andre ressursar fordi ein vil ha undervisninga si på den måten. Lærer betre av det.

I mange fag er det mykje tilgjengeleg info på nett om akkurat det som er tema, ikkje ein overflatisk presentasjon. Tilpassar til sin eigen kompetanse og hastigkeit.

En god del studentar betaler for WolframAlpha. Burde NTNU kjøpe dette?

I Ålesund vert Chegg nytta, dette vert det òg betalt for.

Gjennom NITO og Tekna får ein tilgang på ein del opplegg/kurs som dei arrangerer.

NTNU må gi studentane de verktøya ein treng for å gjennomføre studiet.

SR ser ikkje dette som et stort problem og melder dette tilbake i høyringssvaret.

- **SR-sak 06/18: Læringsassistentar**

Cecilie og Truls orienterer om møtet angåande læringsassistentsaken, og vi diskuterer vegen vidare.

Ny retning: ikkje sluttevaluering, men betre tilbakemeldingar gjennom semesteret.

Det burde telje positivt at ein har pedagogisk erfaring utover det som finnes som «pedagogisk kurs».

Meir positive nå enn til den tidlegare løysinga. Det er viktig at man kan gi anonyme tilbakemeldingar.

Systemet for tilbakemelding må testast før ein innfører det fullt. Ser også ut til at målet med systemet har utvikla seg. Må ikkje blandes med referansegruppesystemet.

- Eventuelt

Cecilie:

Velferdsmiddel frå fakultetet. Vi ynskjer å ha ei løysning for å søkje om pengar, men må avklare dette med dekan.

FTVane kjem attende til dette når det er avklart.

Cecilie 2:

Kontorvakter med tema.

Kor godt føler man at dette fungerer? Bør løysinga endrast?

IDI: Kvaliteten og relevansen til ting som vert diskutert opp er ikkje optimal.

Tema ikkje alltid relevante.

IEL: Saknar fokus på kontorvaktene.

IMF: Usikkert kor relevant kontorvaktene er. Vil bruke dei til å få kontakt med studentane og få dei til å stikke innom med innspel. Må vere meir kritisk til det ein tek opp.

Joakim: Treng å vete kva som skjer med innspela ein gir. Kva er effekten?

IIK: Fint med definerte tidspunkt, men må ikkje vere avgrensa til kontoret.

Cecilie: Viktig at ein er ærleg om korleis ein kan få det til å fungere best.

Innspel er bra.

Kristoffer:

Lite informasjon på Innsida om tillitsvalde.

Burde koplast saman med resten av systemet.

FTVane tek dette opp med dei andre tillitsvalde og Studenttinget.

- Møtekritikk

Opplever lyden som därleg. Støy og vanskeleg å få med seg kva som vert sagt. Smålydar frå bordet.

Grei ordstyring og fint at de på skype blir sett og høyrd.

Godt møte med mange konstruktive innspel som var nødvendige.

Brukte litt mykje tid på ITV-fordelinga utan at det eigentleg ikkje hadde ført til så mykje.

Hyggeleg og godt strukturert møte.

Godt med ekstern ordstyrar.

Referent

Kristian Hovd Sjøli

Student